

SAKSFRAMLEGG

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar
3.12.2013	2013/1827	Morten Larsen



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Saksnr	Utval	Møtedato
16/13	Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet i tannhelsesektoren	13.12.2013

PLAN FOR KOMPETANSEUTVIKLING I TANNHELSE TENESTA – REVISJON

Bakgrunn

Fylkestannlegen inviterte arbeidstakarorganisasjonane til drøftingsmøte 14.12.2011 om bruk av kompetansemidlar. Drøftingsmøte vart følgd opp med eit diskusjonsgrunnlag for mål og retningslinjer knytt til kompetanseutvikling i tannhelsetenesta som vart behandla i SAMUT-møte 28.3.12, sak 4/12. Eit bearbeidd planutkast vart behandla på nytt i SAMU-T 25.6.12, sak 11/2012. Utvalet vart samde om presiseringar og enkelte endringar knytt til vilkår for deltaking på kompetansetiltak. Planen var ute på intern høyring i tannhelsetenesta, blant arbeidstakarorganisasjonane og utvalde administrative einingar i fylkeskommunen, fram til 21.9.2012.

Gjeldande "Plan for kompetanseutvikling i tannhelsetenesta - strategi, mål og rammer 2013-2014" vart behandla i SAMU-T 15.11.2012, sak 16/2012.

Planen består av fem delar med vedlagte malar/verktøy. Planen tar for seg overordna mål og føringar for kompetanseutvikling i tannhelsetenesta og inneheld også vilkår og rammer for individuell deltaking på kompetansetiltak. Planen gir føringar for dei distriktsvise kompetanseplanene som skal rullerast åreleg.

Eit sentralt prinsipp i planen er kompetansestyring, som inneber målretta og heilskapleg satsing på kompetanse, med vekt på planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltak for å sikre at den tilsette og organisasjonen når sine mål.

Revisjon

Vi har no snart eit års erfaring med planen og ser behovet for nokre mindre endringar og presiseringar. Dette gjeld i hovudsak:

- Tatt inn omtale av og enkelte målformuelingar frå kompetansekapitlet i Regional delplan tannhelse
- Praksis i samband med søknad om støtte/deltaking på kompetansetiltak er tatt inn i planen.
- Ugiftstaket for legitimerede utgifter til overnatting er tatt bort.
- Meir opne formuleringar rundt vilkår for deltaking på TSE.
- Dei økonomiske rammene for kompetanseutvikling på distriktsnivå er auka.

Endringane framgår i raud skrift i det vedlagte utkastet.

Forslag til vedtak:

SAMU-T godkjenner revidert utgåve av "Plan for kompetanseutvikling i tannhelsetenesta".

Anthony N. Valen
Fylkestannlege

Morten Larsen
kontorsjef